



Stefan, Judith, Lukas og Sophia Tobler er nett komme for å nyta gode feriedagar i Kvinnherad.

Då eg kom ut frå allsongen på Kafè Tiaren på tirsdag, sat fleire turistar ved borda utanfor Gamleskulen og kosa seg med smørbrød og kaker som dei hadde vore inne på Tiaren og kjøp. Mellom desse var også ein familie på fire frå Sveits som var på ein lengre Norgesperie, og som skulle nyta Kvinnheradslivet i om lag to veker.

Familien Tobler kjem frå den tysktalande delen av Sveits, nærare bestemt St. Gallen. Faren Stefan jobbar i sosialvesenet medan mora Judith er lærar i den vidaregåande skulen. Borna Lukas og Sophia er 9 og 11 år gamle. Dei brukte også pausen til å bruka leikeapparata ved Gamleskulen. Ved sida av bordet låg 4 godt istappa ryggsekker, - to store og to litt mindre. Turen føregjekk nemleg med kollektiv transport. Dei fortalde at dei vanlegvis ikkje tok nokon lang ferietur om sommaren sidan dei ikkje var spesielt glade i sol og varme. Derimot brukte dei å reisa til Italia om hausten. Såleis var den lange ferieturen i Norge på mange måtar eit unntak.

Turen starta med fly frå Zürich til Oslo der dei overnatta to netter på Hotel Scandic og såg seg litt rundt i hovudstaden. Deretter tok dei toget over Hardangervidda til Bergen. Der lånte dei eit lite hus på Nordnes av ein tidlegare fiolinlærar av dottera. Fiolinlæraren var gift med ein norsk tenorsongar. Dermed var vi brått inne på at musikken var sentral i denne familien. Mora spela piano. Pianospeling var også Lukas godt i gang med å læra, medan Sophia spela fiolin.

- Og Stefan syng veldig godt i dusjen, vart det lagt til med eit smil.

Den omtala fiolinlæraren var denne veka lærar på musikksummarskulen som er på Sunnhordland Folkehøgskule, og det var forklaringa på at neste stopp på turen vert Halsnøy.



Lukas og Sophia nytta pausen til litt leik.

I Bergen hadde familien gått to fine fjellturar, - ein kortare og ein lengre frå Ulriken til Fløyen. Dei var også svært interessert i å høyra om turmulighetene her i Uskedalen medan dei beundra den fantastiske naturen. Det skulle ikkje forundra meg om dei er på veg til Mannsvatnet når eg no sit og skriv dette.

Reisa frå Bergen gjekk med hurtigbåt til Rosendal, og etter å ha besøkt turistinformasjonen der, tok dei buss hit til Uskedalen. Her skal dei bu i hytte på Rabben Feriesenter og nytta det gode ferielivet fram til laurdag. Då bussar dei vidare til Halsnøy der dei har leigt hytte i ei veke. Etter det reiser dei tilbake til Oslo på ein eller annan måte, og 9.august sit dei på flyet med kurs for Zürich. Truleg er alle fire då fulle av gode ferieopplevingar. Dei er i alle fall storfnøgde så langt. Ekstra fnøgd er dei med veret.

- Vi har høyrte om Bergen og Vestlandet at det regnar heile tida, men vi har jo ikkje hatt bruk for regnjakker ein einaste gong, seier Judith svært tilfreds for å visa kor fnøgde dei er med veret. Så tok dei sekkane på ryggen og rusla ned til Rabben Feriesenter der dei skulle bu.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland